LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Ingrid Bjørge Pedersen | 05.11.2018 |
| Vår: 18/2022 - 18/33276 | Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no | |

# Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 196/31 Midtgård

| | | |
|---|---|---|
| Tiltak: | tilbygg og carport på bustadhus | |
| Byggjestad: | Gbnr: 196/31 | Leknesvegen 227A |
| Tiltakshavar: | Sveinung Bjørsvik | |
| Ansvarleg søkjar: | | |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 30.10.2018.

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Omsøkte tilbygg skiljer seg ut i frå eksisterande arkitektur i område. Reguleringsplanen legg ikkje føringar for estetikk, men overordna kommuneplan har lagt generelle føringar for dette. Vi ber om ei vurdering kring estetikk både for tilbygget i seg sjølv og dei bygde omgjevnadane.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **26.11.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Ingrid Bjørge Pedersen<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkoconsult AS | Postboks 103 | 5291 | VALESTRANDSFOSSEN |
| Sveinung Bjørsvik | Leknesvegen 227 A | 5915 | HJELMÅS |